



# Heilt feitt

## Feitt mot kulde

Under huda har vi feittceller som er fulle av feitt. Alt anna inni desse cellene, mellom anna cellekjernen med arvestoffet, er pressa opp i eit hjørne for at feittet skal få plass. Når det er kaldt, skal du vere glad for det. Berre undersøk sjølv kor bra feitt isolerer mot kulde.

### DU TRENG:

Isbitar



Ei bøtte



To gummihanskar



Matolje




## Slik gjør du

- Legg isbitane oppi bøtta og fyll henne halvfull med vatn. Vent til vatnet er godt nedkjølt av isbitane.
- Fyll den eine hanske halvfull med olje slik at handa blir omgitt av olje når du stikk henne oppi. Ver forsiktig så du ikkje mistar hanske med olje. Det blir raskt grisete.
- Ta den andre handa ned i den tomme hanske.
- Hald så begge hendene godt ned i isvatnet.
- Korleis kjennest det? Merkar du forskjellar?

No skjønner du kanskje kvifor hav-pattedyr som sel og kval har eit tjukt lag med feitt under huda. Feittlaget blir kalla spekk hos desse dyra. Dyra treng det for å halde varmen.

Nokon blir skremde av tanken på feitt. Men det er ikkje eitt feitt å prøve å unngå feitt. Alt som lever, frå bakteriar til menneske, treng nemleg feitt for å leve. Her er nokre eksperiment som viser kor fantastisk feittet er.




# Fisken i skåla

Du treng:

- Stivt papir
- Blyant
- Fargestiftar
- Teip



2. Teikn ei skål midt i den eine sirkelen og ein fisk i den andre.



4. Hald blyanten mellom handflatene og gni hendene fort mot kvarandre slik at du ser at dei ulike bileta vekslar fort.



1. Klipp ut to sirklar på cirka 8 cm i diameter av det stive arket.

8 cm



3. Teip fast papirsirklane på kvar side av blyanten. Bileta skal vende utover.

8 cm



5. No ser du fisken inne i skåla!




VI LAGAR HYPOTESAR

## Kvifor ser det ut som om fisken er teikna inne i skåla når du surrar på blyanten?



Skriv og teikn.  
Eg trur grunnen er:

# FISKEFORSOK



1. Teikn av og klipp ut denne fisken. Bruk tjukt papir eller tynn papp.

Pappfisen




Du treng:  
Steikepanne



Zalo



2. Dekk botnen av panna med vatn.



3. Legg i fisken og hell ein drope oppvaskmiddel i holet på fisken.



Kva skjer?



VI LAGAR HYPOTESAR

# Kvifor rører papirfisken på seg når han får såpa på seg?





Skriv og teikn.  
Eg trur grunnen er:



VI LAGAR HYPOTESAR

## Kvifor er ikkje finnane på fiskane like?

WHAT?





Eg trur grunnen er:



VI LAGAR HYPOTESAR

## Kvifor er ikkje finnane på fiskan plassert på samme plass?



Teikn og skriv.  
Eg trur grunnen er: